



Aksjonistane samla hos Bjørnar Myklebust i kveld

I morgon går bondeaksjonen over i ein ny fase og den kjem også uskedalingane til å merka. Målsetjinga er å tømme hyllene i butikkane for brød og eit godt råd er difor å kjøpa brød på SPAR allereie når butikken opnar klokka 7. Bøndene sjølve kjem til å starta sitt innhogg i hyllene eitpar timar seinare.

Brødaksjonen var eit sentralt punkt på agendaen då dei rundt 15 aksjonistane i bondelaget møttest i låven til Runar Myklebust i kveld. Dei konkluderte med at det hadde vore ein svært vellukka dag med full klaff og dekning i nærsagt alle riksmidia av det som skjedde i Rosendal.

Men det var berre starten, no går aksjonen over i nye faser og det er til dømes grunn til å tru at mjølk om nokre dagar vil vera eit eigna aksjonsobjekt

Klokka 5 i natt startar det neste steget som er blokkering av distribusjonen av matmjøl. Det er ein produsent i Hordaland, Vaksdal, og den tek lokallaga i vedkommande distrikt hand om. På våre kantar er det altså salet av mjølprodukta som skal stoppast ved at dei rett og slett skal seljast. Difor oppmodar bøndene forbrukarane il å hamstra brød i så stort omfang som mogeleg.

- Forbrukarane skal kjenna på kroppen kva det betyr å ikkje ha oss som sørger for maten, heldt uskedalsbøndene fram ikveld.
- .- Men det er jo mindre, private bakeri også i vår kommune, dei kan vel ikkje stoppast..
- Også dei er avhengige av mjøl!
- Kva blir neste steg i aksjonen?
- Det vil vi ikkje seie noko om på førehand. Men det vi har sett til no er berre starten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Karoline Neset med Uskedalsbrød då det kom i pose. i morgon kjem det til å gå unna!